Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding 2016 - Ørsta idrettsråd

Styret i Ørsta idrettsråd 2016:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Jon Helge Bjørndal	Vartdal TIL
Kasserar	Kjell Jack Brautaset	Åmdal IL
Skrivar	Tone Jøssang	Ørsta IL
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov	Sæbø IL
1. vara	Eldbjørg Tvergrov	Sæbø IL
2. vara	Aksel Engeset	Ørsta Symjeklubb

Revisorar:

Kristin Woldsund	Vartdal TIL
Wenche Flo	Vartdal TIL
Vara: Bente Ørsal	Ørsta IL
Vara: Line Tonheim	Åmdal IL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Vara: Svein Erik Grevsnes	Åmdal IL

Valnemnd:

Per-Atle Tonheim (leiar)	Åmdal IL
Margrete H. Øyehaug	Ørsta ride- og køyreklubb
Tom Slenes	Ørsta IL
Vara: Siw Bjørdal Lillebø	Sæbø IL

Representantar til styret i Ørsta idrettspark AS:

Gunnar Knutsen	Ørsta IL
Vara: Jon Helge Bjørndal	Vartdal TIL

Årsmøtet i 2016 vart halde i Tussatun (Hovdebygda) 6.4.2016. Det var ekstraordinært årsmøte 19. april, om fleirbrukshallen.
Det var 4 styremøter i Ørsta idrettsråd i løpet av 2016.
Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 26 medlemslag med til saman 3914 medlemmer. Dette er litt fleire enn i 2015.

Kommunale midlar:

Ørsta kommune tildelte i 2016 kr 100 000 (kr. 34 000 i 2015) i tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg. Kommunen løyvde også kr. 15 000 i støtte til klubbhusa til Ørsta IL og Åmdal IL.

Idretten fekk kr. 80 000 i kulturtilskot i 2016 (kr. 75 000 i 2015).

Kr. 100 000 vart overført budsjettmessig internt i kommunen som kompensasjon for gratis bruk av Ørstahallen/gymsalane/symjehallen etter skuletid måndag-fredag. Budsjettdekninga er eigentleg (historisk) som del av det kommunale kulturtilskotet ("kulturmidlane"). Ordninga har vore der frå ca. 1990. Denne interne overføringa er såleis ei form for husleige og ikkje tilskot til drift av gymsalar/idrettshall.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2016 kr. 681 355 (kr. 630 207 i 2015) til fordeling mellom medlemslaga. Dette er ny rekord! Styret gjer denne fordelinga etter NIF sine føringar og ut frå tidlegare tildelingar og opplysningar frå idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta kommune og Ørsta idrettsråd.
Før flytting av hallprosjektet tok kommunen over ansvaret for prosjekteringa. Prosjektet frå Mosflata ligg likevel til grunn for hallen på utstillingsplassen.
Det er ikkje klart kva oppgåve Ørsta idrettspark AS skal ha framover. Kanskje ei oppgåve i samband med drift av hallen?

Nye idrettsanlegg i 2016

Nye idrettsanlegg i Ørsta kommune:

- Kunstgrasbane på Sæbø, eigd av Sæbø IL
- Nytt kunstgras på kunstgrasbana til Ørsta IL
- Nytt toalettanlegg og lager ved Kiwi-hallen, eigd av Ørsta IL.

Ny fleirbrukshall i sentrum

Kommunestyret gjorde i 2015 nytt vedtak om at fleirbrukshallen skal byggjast på Mosflata. Vinteren 2015/2016 kom det signal om at administrasjonen i kommunen heller ville bygge hallen på utstillingsplassen. Dei meinte det var nye moment i saka, og meir praktisk med hallen nærare skulane.
Idrettsrådet var først negativ til ei ny runde i den langdryge hallsaka. Saka vart utgreidd på nytt, og idrettsrådet var aktiv i prosessen. Ørsta IL var naturleg nok særleg aktiv, og støtta etter kvart eit framlegg med fleirbrukshall inntil stadion.
Saka var oppe til handsaming i ekstraordinært årsmøte i ØIL 18/4 og idrettsrådet 19/4, der det vart klart fleirtal for å byggje fleirbrukshallen på utstillingsplassen. Like etter gjorde

kommunestyret vedtak om bygging av hallen på utstillingsplassen innanfor ei samla investeringsramme på kr. 150 millionar. ØIL får leige nye klubblokale i andre høgda.

Det vart oppretta ei driftsnemnd for hallen, der leiar i idrettsrådet saman med Gunnar Knutsen (Ørsta idrettspark AS) representerte idretten. Idrettsrådet oppretta kontakt med aktuelle brukargrupper, som fekk kome med innspel.
Det var mange møter i driftsnemnda gjennom 2016, og tett samspel med arkitekt hos AsplanViak. Idretten kom med mange innspel, ikkje alle fekk vere med vidare grunna den gitte investeringsramma.
Fleirbrukshallen blir på vel 8000 m^2, godt integrert med stadion. Hallen har fokus på aktivitet. Dette kan bli ein nær perfekt fleirbrukshall!

Idrettsanlegg på Vartdal

Det har vore arbeidd for nytt idrettsanlegg på Vartdal i nær 40 år! Seint i 2016 vart det endeleg semje mellom kommunen og grunneigarane om grunnkjøp. Nytt idrettsanlegg kjem ved skulen og VD-hallen. Det er kunstgrasbane med sørvis-bygg som er aktuelt i første runde. Om alt går etter planen, kan fotballbana står klar i løpet av 2018.

Styrearbeidet 2016

I tillegg til styremøter har styret god kommunikasjon gjennom e-post og telefon. Mykje av styrearbeidet var prega av prosessen knytt til fleirbrukshallen.
Styret var i 2016 aktive i høyringa til «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet – oppdatering av handlingsprogrammet», samt «Detaljreguleringsplan for fleirbrukshall i Ørsta sentrum».
Vi sende også eit innspel til kommunen knytt til vidare utvikling av idrettsanlegg på Mosflata.

Representasjon

Eldbjørg Tvergrov, Porshad Hafezi (ØIL) og Erlend Andersen deltok på Idrettskrets-ting i Molde i april.
Erlend Andersen møtte i generalforsamling i Ørsta Idrettspark AS.
Tone Jøssang, Silje Aune Tvergrov og Erlend Andersen deltok på sonemøte for idrettsråd i Ulsteinvik i september.
Silje Aune Tvergrov og Erlend Andersen deltok på Møteplassen i Molde i oktober.
Tone Jøssang og Silje Aune Tvergrov deltok på utstyrs- og anleggskonferanse i Oslo i desember.

Status for idretten i Ørsta

Det er stabile medlemstal for idretten i Ørsta kommune. Her er mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Den største idretten er fotball. Fotballkretsen kåra Ørsta til årets fotballkommune og Ørsta IL til årets jenteklubb.

Svært mange born er med i idretten. Det er vel rett å seie at i Ørsta kommune har vi fokus på breiddeidrett. Men også fleire tenåringar finn glede i å satse vidare på idretten sin. ØIL friidrett har t.d. større ungdomsgruppe enn på mange år.

Vinteridrettane slit med ustabile vintre. Rekrutteringa vert svekka av snømangel. Alpin-sporten lokalt har fått større miljø med utvida samarbeid mellom laga.

Ørsta sykkelklubb er godt i gong med ny terrengløype i Bondalen. Eldsjeler innanfor langrenn lagar ski- og turløyper både på Bondalseidet og ved Daleteigane. Mange trimløyper har også fått betre merking. Natur og friluftsliv er viktig.

Det går rette vegen når det gjeld anlegg:
På Vartdal er dei nær realisering av ny fotballbane.
Ny fleirbrukshall i sentrum vil gi nye rammer for idretten.
Hestesporten vil vekse med nytt og større sentrumsnært anlegg.
Det neste store løftet blir nytt symjeanlegg ved fleirbrukshallen!

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer endå betre rammer for idretten i kommunen.

Avslutning

Styret i Ørsta idrettsråd ønskjer med dette å takke for samarbeidet med medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Vi vil også takke næringslivet for den gode støtta til idretten, og Møre-Nytt som skriv mykje godt om idretten i kommunen.

Ørsta, 27. mars 2017

Erlend Andersen
leiar

John Helge Bjørndal
nestleiar

Kjell Jack Brautaset
kasserar

Tone Jøssang
skrivar

Silje Aune Tvergrov
styremedlem